



## MANDAT FOR STUDENTOMBODET PÅ NHH

*Vedteke av styret på NHH 18. april 2018*

1. Studentombodet skal vera ein uavhengig bistandsperson for studentar på NHH som kan yta hjelp og gje råd i saker som gjeld studiesituasjonen.
2. Studentombodet skal nytta dei kanalar som til ei kvar tid høver seg best for å informera studentane om kva tenester som vert ytt. Vidare skal studentombodet gi opplæring til studenttillitsvalde om studentane sine rettar og plikter.
3. Studentombodet skal sjå til at sakene får ei forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne. Vidare skal studentombodet bidra til å opplysa om prosess og at saka vert løyst på lågast mogleg nivå.
4. Studentombodet er uavhengig og kan ikkje instruerast. Prinsippet om uavhengigheit gjeld så langt dette er praktisk gjennomførleg. Studentombodet skal heller ikkje gjera vedtak i saker eller på annan måte instruera sakshandsamarar, utval etc. på NHH.
5. Studentombodet skal gjera ei konkret vurdering for kvar sak som kjem inn om det er andre etablerte organ på eller utanfor høgskulen som er meir nærliggjande at yter hjelp og råd.
6. Studentombodet er underlagt teieplikt eksternt og internt om alle tilhøve han/ho vert kjent med i kraft av sitt virke etter forvaltningslova § 13.
7. Studentombodet rapporterer årleg til rektor i form av årsrapport som også vert lagt fram for læringsmiljøutvalet (LMU) og som orienteringssak for styret. Rektor skal haldast løpande orientert om særleg alvorlege eller prinsipielt viktige saker. Studentombodet kan fremja saker for styret ved NHH i tråd med gjeldande prosedyre for styresaker.
8. Studentombodet har ikkje tilgang til Felles studentsystem (FS) og har berre innsyn i studentopplysningar eller dokumenta i ei sak så lenge studenten saka gjeld har gitt samtykke til innsyn.
9. Studentombodet skal rådgje studentane i studentsaker, men skal som utgangspunkt ikkje representera studenten. Der dette er naturleg kan studentombodet delta i møte etc. saman med studenten.

10. Studentombodet står fritt til, i samarbeid med den enskilde student, å tilpassa si tilnærming og arbeidsmåte til kvar enskild sak.
  
11. Studentombodet avgjer sjølv kva saker som skal prioriterast og om det er saker som ikkje er eigna til handsaming av studentombodet. Avslag på bistand skal grunngjevast og kan ikkje klagast på.